



Petter De Presno Borthen
Munkebotn 16
5036 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/26 - 18/291

Saksbehandlar:
Stian Marøy
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:
04.01.2018

Dispensasjonssak Gbnr 82/36 Storheim - terrasse med tilbygg - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 03.01.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Naboar må varslast om alle tiltak, derunder tilbygg fritidsbustad, altan, reiskapsbu og gapahuk.
2. Gapahuk må målsettast i situasjonsplan mot grense i syd, merk at avstand til nabogrense minst må vera 1 m. Alternativt må det fyllast ut eit nabofråsegn om avstand til grense.
3. Altan må målsettast i situasjonsplan.
4. BYA/BRA i søknad må reviderast til å gjelda også for altan, ikkje berre tilbygg utvida stove.(det merkas at det blir beskrive ein usikkerheit om altanen må omfattas i disp. og i søknad. Då tidlegare oppført altan har vore fullstendig fjerna og seinare bygd ny er dette å sjå som eit nytt tiltak som må søkjast).
5. Då dette er ein dispensasjonssak må det kryssast av i søknad for at det er behov for tillating/samtykke/uttale frå anna myndigheit.
6. Altanen må målsettast i teikningar som gjort med den utvida stova.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.02.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Ingeniør/byggjesakshandsamar Stian Marøy.

Med helsing

Stian Marøy
ingeniør/byggjesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Petter De Presno Borthen

Munkebotn 16

5036

BERGEN